

# Årsmelding og rekneskap



## VØR

Sortert avfall gir verdi!

2014

# STYRETS ÅRSMELDING 2014

2014 er Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS (VØR) sitt 26 driftsår. VØR er heileigd av Ørsta og Volda Kommunar og eigarane heftar for selskapet sine disposisjonar med 50% på kvar. Selskapet ligg i Hovdebygda i Ørsta Kommune og driv med innsamling og behandling av avfall og slam på vegne av eigarkommunane.

## *Abonnementfordeling:*

Kommune	Hushaldningar og fritidshus	Slam
Ørsta	4837	1051
Volda	4111	521
Sum	8948	1572

## *Styringsorgan*

Representantskapen avvikla 2 møter og styret 4 møter dette året.

Representantskapens sine medlemar er: Jostein O. Mo – leiar, Dan Bjørneset – nestleiar, Arne Oddmund Torvik, Astrid Gjersdal, Rebecca Christina Riise, Rigmor Vartdal, Johan Bertil Vartdal og Kari Aamaas.

Styret sine medlemer: Ann Britt Våge Fannemel – leiar, Jon Helge Bjørndal - nestleiar, Pauline Vinjevoll, Jan Henning Egset og Ove Myklebust (tilsette representant)

## **INNSAMLING OG GJENVINNING.**

Innsamling og avsetning av avfall går som normalt i 2014. Attvinningsgraden er 99 %. Dette fordelar seg på 58 % energiattvinning og 42 % materialattvinning. 0,6 % går til deponi og er ikkje brennbare fraksjonar som eternit og byggisolasjon.

Samla sett har vi ein nedgang i avfallsmengdene i 2014. Mengdene innsamla med bilane går litt ned og farleg avfall går ned. Det som aukar er leveringane direkte til miljøstasjonen slik som trevirke og grovvavfall frå private. Den største nedgangen i vekt er hageavfallet, som skuldast endra tidspunkt for registrering av vekta på dette avfallet.

Nedanfor er ein tabell som syner utviklinga i avfallsmengder siste fire åra.

<i>Avfallsmengder i tonn</i>	2011	2012	2013	2014
Hushaldningsavfall	3.632	3.597	3.524	3.484
Papir / papp	1.185	1.053	1.091	1.073
Plast	32	30	33	74
Glas og metall	218	141	169	196
Farleg avfall	128	108	250	225
E.E. avfall	232	204	235	220
Hageavfall	Ca 2.000	Ca 2.000	1.750	1.049
Grovt restavfall	554	579	619	654
Trevirke	201	224	252	297
Slam		774	116	545
SUM	8.182	8.710	8.039	7.817

### **Gjenvinning**

Det er eit mål å auke materialgjenvinninga slik at det kan lagast nye råvarer. Det krev reine fraksjonar utan innslag av ureining og her har vi ei informasjonsutfordring innan alle fraksjonar.

Plastsekkar i hageavfallet blir ikkje til jord når ein komposterar, og ingen vil ha jord som inneholder plastbitar. Matrestar i plastavfallet er kjelde til lukt og utøy og blir ikkje til ny plast. Jord, planter og hageavfall i hushaldningsavfallet kan ikkje nyttast til energigjenvinning og blir heller ikkje til ny verdifull jord slik den burde.

Tilgrisa papir av fett og matrestar er restavfall, kan ikkje nyttast til å lage nyt papir av.

Reine fraksjonar er ein føresetnad for gjenvinning, og det har abonnentar og VØR eit felles ansvar for å få til.

### **Blanda avfall frå hushaldningane.**

Mengdene restavfall syner ein svak nedgang siste åra. Den same utviklinga ser vi i 2014, der mengdene går ned til tross for at folketalet aukar i begge eigarkommunene. Det er positivt. Restavfallet blir levert til energigjenvinning via HRR Miljø AS på Hamar. Dei har igjen brukt Tafjord Kraftvarme AS som sitt mottaksanlegg.

### **Papp, papir og drikkekartong.**

Innsamla kvantum hos hushaldningane går litt ned igjen i 2014. Vi har sett ei utflating og fallande kurve heilt frå 2008.

Det lesbare papiret blir sortert og går til produksjon av nyt avisepapir. Pappen blir resirkulert til ny papp og drikkekartongen blir til konvoluttar og postkort.

Grønt Punkt Norge motiverar oss til å sortere ut drikkekartong ved bruk av returkartonglotteriet. I 2014 hadde vi ein heldig vinnarar frå vårt område.

### **Glas og metallballasje**

Det meste av glaset går som råvare til produksjon av isolasjonsmaterialet steinull (glava) Innsamla mengder glas har gått opp siste tre åra. Vi håper at den trenden fortsetter. Vi meiner at der er langt meir både glas og metallballasje ute hos abonnementane, enn det vi får inn. Innsamla metall som går til materialgjenvinning har dessutan svært positivt klimaeffekt.

### **Plast**

Plast går til Swerec AB ved Borås i Sverige for attvinning via Grønt Punkt Norge AS som er vår avtalepart. Etter mange år med materialattvinning på 30-40 % av den innsamla plasten, gir moderne sorteringsteknologi no ei gjenvinningsgrad på rein og tørr hushaldningsplast på opp mot 80 %.

Etter at vi fekk levert ut returplastsekkar til alle på nyt våren 2014, har plastmengdene auka monaleg. Heile leveransen av 74 tonn i 2014 vart levert til Grønt Punkt Norge AS på hausten. Vi ventar derfor større mengder i 2015. Nye rullar med plastsekkar vert levert ut våren -15.

### **Farleg avfall.**

Mengda av innsamla farleg avfall har auka kraftig sidan 2012. Det har to forklaringar.

Den eine er at Klif har utvida talet fraksjonar som vert rekna som farleg avfall. Dette gjeld brannsløkkingsapparat uansett om dei er tome eller ikkje, alt av isolerglas, golvbelegg med ftalatar, tonerkassettar frå kopimaskiner m.m.

Den andre er at VØR innførte gratis levering for private for alle fraksjonar som er klassifisert som farleg avfall frå og med 2013. Dermed vart t.d. eternit med asbest i og impregnert tremateriale gratis å levere. Disse to fraksjonane står for 90 tonn farleg avfall i 2014.

Nedgangen frå 2013 på 27 tonn er kreosotimpregnert material, som skuldast at vi i 2013 tok imot ei kommunal kai. Denne stod for ein stor del av leveransen av kreosotimpregnert dette året.

Det er positivt at fleire og fleire er merksame på at farleg avfall må skiljast ut og handterast som eigen fraksjon og ikkje minst at dei tar konsekvensen av det å leverar det til VØR og dermed godkjend slutthandsaming. Utfordringane er på dei små farleg avfall fraksjonane. Der syner tala potensialet fortsatt er til stade.

VØR har mottaksplikt av farleg avfall frå næringsverksemder med mengder inntil 1000 kg. Mengdene frå næringslivet aukar også.

Vi har som før 10 stasjonar for farleg avfall ute på bygdene i tillegg av Miljøstasjonen i Hovdebygda. Stasjonane på bygdene er også mottaksplass for mindre typar elektroavfall.

### ***Slam.***

2014 er det første ordinære innsamlingsrunde av slam med ny entreprenør, Miljøservice AS. Den nye kontrakta er meir tidsmessig i høve tidligare, ved at avvik på slamtankar no vert dokumenterte ved bilet. Dermed vert det råd for oss å be om utbetring av anlegget, utan å fysisk vere til stade under sjølve tømmeoperasjonen, som kan vere mellom kl 06.00 - kl 22.00. I 2014 har vi sendt ut 164 brev, med kopi til kommunen, der vi ber om at anlegga vert utbetra. Avvika varierar frå dårlige lok, manglende dykkutløp, til tankar som ikkje fungerar lenger.

Vidare nytta vi no ein slam API, dvs elektronisk rapportering mellom tømmebil og VØR, der vi til tider har fått opplysningar om töming inn i programvaren vår, dagen etter at det var utført.

Vi hadde innsamling frå 1572 slamavskiljarar, tette tankar, og kommunale fellestankar. Totalt 544 tonn slam. Alt slam er vidarelevert til enten til Vestnes Renovasjon AS eller til Miljøservice AS sitt anlegg på Nordfjordeid, der det vert produsert jord av slammet.

Nedgangen i volum frå 2012 til 2014, meiner vi skuldast langt betre avvatning av slamtankane. Dvs at kvar enkelt tonn slam i 2014 har eit høgare tørrstoffinhald enn i 2012..

### ***Elektrisk Elektronisk avfall.***

Innbyggjarane leverte litt mindre E.E. avfall pr person til Miljøstasjonen i 2014 i høve 2013. Dette svingar frå år til år, utan at vi har noko god forklaring på kvifor. Innsamla mengder har VØR vidarelevert til returselskapet ERP Norge AS. Her blir EE avfallet miljøsanert og sendt vidare til gjenvinning.

### ***Hageavfall.***

Reint hageavfall vert umiddelbart etter kværning levert som strukturmateriale til Miljøservice AS sitt komposteringsanlegg for kloakkslam på Eid. Etter bruk i komposteringa, vert råproduktet vidarelevert til Grøn Vekst AS som produserer blomsterjord og torvtak av sluttproduktet..

Anlegget på Eid stengjer ned i løpet av 2015, så vi må finne anna avsetning i løpet av året.

Nedgangen i mengde frå 2013 meiner vi kjem av at vi ikkje lenger komposterar hageavfallet her i Hovdebygda før vidarelevering. Vi sender det direkte etter kværning til vidarebehandling. Dermed unngår vi vekta frå regn og snø som kjem til i komposteringsprosessen.

### ***Drift***

Drifta i innsamling og miljøstasjon er i stor grad prega av stabilitet. Bygderyddinga vart også arrangert etter tradisjonelt mønster.

Av nye tiltak starta vi arbeidet med adressemerking av alle avfallsbeholdarar. Dette for å hjelpe abonnementane til å halde orden på kva som er den enkelte sin behaldar, og for lettare å kunne spore beholdarar som kjem bort. Dette arbeidet vert slutført i 2015. Vidare leverte vi ut returplastsekkar til alle abonnementar på våren.

Nye forskrifter for fritidshus vart vedtekne av kommunestyra seinhaustes. Arbeidet med å gjennomføre vedtaket er igangsett, med sikte på å ha det ferdigstilt i løpet av 2015.

Vi innførte e-faktura løysing for publikum i 2013. Vi kan også tilby e-faktura bedrift til bedrift, men så langt har svært få bedrifter nytta seg av tilbodet.

### ***Informasjonsarbeid 2014.***

Vi tilsette ein prosjektmedarbeidar hausten 2014, med dette som ansvar. I løpet av hausten har vi fått oppdatert visuell profil, og vi har fått sendt ut ei generell brosjyre til alle abonnementar. Vi håper at tiltaket er med på å auke materialgjenvinninga i våre kommunar.

### ***Open dag***

Vi arrangerte open dag 13 mai på Miljøstasjonen. Arrangementet var vellukka organisatorisk, men vi synes her var for få innom, til at vi vil arrangere dette årleg. Det vert å vurdere på nytt i 2016.

### ***ÅRIM, SSR og VØR***

Vi har starta arbeidet med å sjå på eit utvida samarbeid mellom dei tre interkommunale selskapene på Sunnmøre. Vi ser at kvar for oss er vi små på mange områder der vi har eit særleg ansvar. Etter at alle styra no har handsama spørsmålet om samarbeid, håper vi at samarbeidet skal verte meir formalisert, og at vi får tatt ut nokre stordriftsfordeler.

### ***Eigarskap i andre selskap.***

VØR har eigarskap i andre selskap der ein oppnår auka kompetanse, god ressursutnytting og styrkt driftsresultat. Oppgåver i tråd med § 4 i selskapsavtalen.

Rekom AS: Vi har 30 aksjar. (0,64% eigarskap) Rekom AS er eit firma som har spissa kunnskapar innan sal av avfall. Firmaet held til i Bergen og er eigd av kommunar og interkommunale avfallsselskap. I 2014 vert trevirke og papp/ papir mekla via Rekom.

Retura Norge AS: Vi har 77 aksjar (0,64% eigarskap) Firmaet driv med sal overfor kundar som krev landsdekkjande avtalar for avfall, innkjøp, IT drift og kompetanseutvikling for Returaselskap i heile landet. Firmaet held til i Oslo og er 2/3 eigd av kommunar og interkommunale avfallsselskap. 1/3 eigd av private.

Retura Søre Sunnmøre AS ( RSS): Vi har 50 aksjar og 100% eigarskap. Selskapet driv med innsamling, sortering og vidaretransport av avfall for næringslivet i Volda og Ørsta. Selskapet har ei omsetning i 2014 på om lag 20 mill kr og 7 tilsette. Selskapet er ein lokal totalleverandør av avfallstenester for næringslivet. Selskapet held til på vårt område i Hovdebygda.

Drifta i RSS er med på å halde nede kostnadene både for VØR og RSS då vi saman oppnår god utnytting av felles bygningsmasse, spesialutstyr og personalressursar.

Fefast AS. Vi eig 15 aksjar ( 16,13 % eigarskap). Dette er eit selskap som arbeidar for bru mellom Festøy og Solavågen.

#### ***Personale, arbeidsmiljø, ytre miljø, sjukefråvær og ulykker.***

VØR har ved utgangen av året 15 fast tilsette. Dei tilsette har synt god arbeidsvilje, og løyst utfordringane i 2014 godt.

Internkontrollsystemet er oppdatert og det er gått vernerunder for å kartlegge arbeidsmiljøet og avdekke eventuelle avvik. Risikovurderingar vert brukta aktivt for å avdekke risiko for uhell og sjukefråvær. Alle oppdaga avvik blir rapportert skriftleg.

Arbeidsmiljøsituasjonen i VØR er generelt bra. Vi organiserar aktivitetane på anlegget slik at risikoen for ulykker på anlegget og utslepp til det ytre miljø vert minimert.

Vi har eigen Sikkerheitsrådgivar, slik forskriftene for anlegg med farleg avfall krev.

Likestilling er gjennomført i styrande organ, og vert teke omsyn til ved alle nytilstettingar. Av våre tilsette ved årsskiftet, er 5 kvinner.

Saman med RSS har vi heile tida ein lærling i sjåførskapet. Ved årskiftet har vi to, ei kvinne og ein mann. Den siste tok til no i august.

VØR hadde 2,0 % eigenmeldt fråvær inklusiv fråvær på grunn av barns sjukdom (< 3 dagar) og 2,6 % legemeldt sjukefråvær. Totalt eit sjukefråvær på 4,6 %. To langtidssjukemelde står for knapt 60 % av fråværet, og grunnar som VØR ikkje har påverknad på. Vi har ikkje sjukefråvær på grunn av arbeidsuhell i 2014.

Vi har ikkje registrert tilfeller av ureining til det ytre miljø i 2014. VØR sine bilar har alle miljøvennlege Euro- motorar.

#### ***Representasjon / synfaringar.***

Representantskapens medlemar Jostein O. Mo, Dan Bjørneset, Arne Oddmund Torvik, Kari Aamaas og Rigmor Vartdal. I tillegg av styret sine medlemer: Ann Britt Våge Fannemel, Jon Helge Bjørndal, Pauline Vinjevoll, Jan Henning Egset, deltok saman med dagleg leiar Petter Bjørndal på studietur til Romerike Avfallsforedling og Hadeland og Ringerike avfallselskap sine anlegg for ettersortering av restavfall og produksjon av biogass frå kloakkslam og matavfall i mai.

Ann Britt Våge Fannemel, Jan Henning Egset og Petter Bjørndal representerte VØR på den nasjonale Avfallskonferansen i Trondheim i juni.

Ann Britt Våge Fannemel representerte VØR på generalforsamlinga til Fefast i juni.

Petter Bjørdal representerte VØR på eigarmøte og generalforsamling i REKOM AS i mai.

Gunn Velle, Anne Mette Farstad og Petter Bjørdal representerte VØR på årsmøtet til Møre og Romsdal Avfallsforum i mars, der Anne Mette Farstad sit i styret.

Anne Mette Farstad og Petter Bjørdal deltok på den nasjonale farleg avfallskonferansen i Haugesund i august.

Petter Bjørdal deltok på studietur til Vilnius i regi av UFF i september.

Gunn Velle Tranhåg og Hege Welle Aam deltok på " Fagdagar for forvaltingssystemet KomTek "i november.

Anne Mette Farstad arrangerte kurs med deltakarar frå SSR, RSS og VØR i dei nye reglane for transport av farleg avfall inntil 500 kg, i mars.

## **RAMMEVILKÅR.**

### *Konsesjon og forskrifter*

Vilkåra for drift av sorteringsstasjonen til VØR er gitt i konsesjon datert 12.11.97.  
VØR etterlever vilkåra.

### *Slamhandsaming i Alida.*

VØR mellomlagra avvatna slam i Alida til og med 2012. Det er utført noko avslutningsarbeid i 2014, resten vert utført i 2015.

## **ØKONOMI.**

### *Sjølvkostrekneskap renovasjon*

VØR rapporterer sitt rekneskap til SSB –Kostra pr resultatområde. Regelverket for utrekning av kommunale gebyr krev at svingingar i inntekter og kostnader, dvs overskot eller underskot skal framførast det aktuelle resultatområdet og brukast eller dekkast inn etterskotsvis i ei periode på 3-5 år for å oppnå mest mogleg stabile gebyr. VØR sette ned renovasjonsgebyra i 2008-09-10 og 11. I 2014 er gebyra uendra frå -11, -12 og -13. Dette for å tilbakeføre tidligare års overskot til abonnentane.

### *Årsresultatet*

Årsresultatet for drifta syner eit underskot på hushaldningsrenovasjon på kr 650.433- som vert dekt av bunde fond hushaldningsgebyr.

Årsresultatet syner eit overskot på slam på kr 530.056. Inntekter og kostnader for slamområdet må sjåast i eit to års perspektiv. Det aller meste av inntektene vert ført i partalsår, ( det året tøminga vert utført) medan ein del av kostnadene er like frå år til år.

Årsresultatet syner eit overskot på 1.773.681,- etter skatt for området utleigeaktivitetar som vert overført til annan eigenkapital.

Resultatrekneskapen viser totalt sett eit samla overskot på kr 1.635.291,-

Generelt har vi ei god og stabil drift takka vere motiverte og flinke tilsette. Dette har hjelpt oss også i 2014. Styret meiner at føresetnaden for fortsett drift er tilstade.

Totalt sett er styret godt nøgde med året 2014, og takkar dei tilsette for innsatsen.

Hovdebygda 19.03.14

*Ann Britt Våge Fannemel*  
Ann Britt Våge Fannemel  
Styreleiar

*Jon Helge Bjørndal*  
Jon Helge Bjørndal  
Nestleiar

*Jan H Egset*  
Jan Henning Egset

*Pauline Vartdal Vinjevoll*  
Pauline Vartdal Vinjevoll

*Ove Myklebust*  
Ove Myklebust  
tilsette sin representant

*Petter Bjørndal*  
Petter Bjørndal  
Dagleg leiar

**VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS org.nr. 984068085 MVA**

**RESULTATREKNESKAP**

Note	2014	2013
------	------	------

**DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER**

**Driftsinntekter**

Salsinntekt	25 837 277	21 819 654
Annan driftsinntekt	262 294	61 173
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b><u>26 099 571</u></b>	<b><u>21 880 827</u></b>

**Driftskostnader**

Behaldningsendring sekkar	46 938	
Utbetalning til sjølvstendig næringsdrivande		21 276
Lønnskostnad	2	8 665 923
Avskrivning	3	3 181 978
Annan driftskostnad		13 377 711
<b>Sum driftskostnader</b>		<b><u>25 272 550</u></b>
		<b><u>23 613 504</u></b>
<b>Driftsresultat</b>	<b><u>827 021</u></b>	<b><u>-1 732 677</u></b>

**FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER**

Finansinntekt	1 494 908	765 111
Annan finanskostnad	491 295	504 433
<b>Sum netto finanspostar</b>	<b><u>1 003 613</u></b>	<b><u>260 678</u></b>

<b>Resultat før skattekostnad</b>	1 830 634	-1 471 999
Skattekostnad på ordinært resultat	7	195 343
<b>Ordinært resultat</b>	<b><u>1 635 291</u></b>	<b><u>-1 534 790</u></b>

<b>Årsresultat</b>	<b><u>1 635 291</u></b>	<b><u>-1 534 790</u></b>
--------------------	-------------------------	--------------------------

**Årsoppgjersdisposisjonar**

Frå fond til etterdriftstiltak deponi	18 013	13 497
Til fond slam	-530 056	801 147
Frå fond hushaldning	650 433	1 411 932
Overført annan EK	-1 773 681	-691 786
<b>Sum disponert</b>	<b><u>-1 635 291</u></b>	<b><u>1 534 790</u></b>

**VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS org.nr. 984068085 MVA**

**BALANSE PR. 31.12.14**

	Note	2014	2013
<b>EIGEDELAR</b>			
<b>Anleggsmidlar</b>			
<b>Varige driftsmidlar</b>			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	3	15 365 659	16 716 851
Driftslausøyre, inventar, verktøy,	3	6 871 069	8 475 161
kontormaskiner og liknande			
<b>Sum varige driftsmidlar</b>		<u>22 236 728</u>	<u>25 192 012</u>
<b>Finansielle anleggsmidlar</b>			
Investeringar i aksjar og andelar		<u>1 210 815</u>	<u>1 177 824</u>
<b>Sum finansielle anleggsmidlar</b>		<u>1 210 815</u>	<u>1 177 824</u>
<b>Sum anleggsmidlar</b>		<u>23 447 543</u>	<u>26 369 836</u>
<b>Omlaupsmidlar</b>			
<b>Varer</b>			
Varelager		<u>84 249</u>	<u>150 148</u>
<b>Sum varer</b>		<u>84 249</u>	<u>150 148</u>
<b>Fordringar</b>			
Kundefordringar		<u>3 562 089</u>	<u>1 388 411</u>
Andre fordringar		<u>722 949</u>	<u>456 378</u>
<b>Sum fordringar</b>		<u>4 285 038</u>	<u>1 844 789</u>
<b>Bankinnskot, kontantar og liknande</b>			
	4	<u>15 548 107</u>	<u>8 590 849</u>
<b>Sum bankinnskot, kontantar og liknande</b>		<u>15 548 107</u>	<u>8 590 849</u>
<b>Sum omlaupsmidlar</b>		<u>19 917 394</u>	<u>10 585 786</u>
<b>SUM EIGEDELAR</b>		<u>43 364 937</u>	<u>36 955 622</u>

2014

2 013

**EIGENKAPITAL OG GJELD****EIGENKAPITAL****Opptent eigenkapital**

Fond for etterdriftstiltak deponi	730 714	748 727
Fond for slamhandsaming	592 100	62 044
Fond for hushaldning	6 748 286	7 398 719
Annan eigenkapital	10 545 408	8 771 727
<b>Sum oppent eigenkapital</b>	<b>18 616 508</b>	<b>16 981 217</b>

**Sum eigenkapital****18 616 508****16 981 217****GJELD****Avsetning for forpliktelsar**

Utsett skatt	49 275	83 185
<b>Sum avsetning for forpliktelsar</b>	<b>49 275</b>	<b>88 130</b>

**Annan langsiktig gjeld**

Gjeld til kreditinstitusjonar	5	21 008 072	16 590 248
<b>Sum annan langsiktig gjeld</b>		<b>21 008 072</b>	<b>16 590 248</b>

**Sum langsiktig gjeld****21 008 072****16 590 248****Kortsiktig gjeld**

Leverandørgjeld	1 654 954	1 622 287
Betalbar skatt	229 253	67 736
Skyldige offentlege avgifter	361 968	365 808
Annan kortsiktig gjeld	1 444 907	1 245 141
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>	<b>3 691 082</b>	<b>3 300 972</b>

**Sum gjeld****24 748 429****19 979 350****SUM EIGENKAPITAL OG GJELD****43 364 937****36 960 567**

Hovdebygda 19.03.15

*Ann Britt Våge Fannemel*

Ann Britt Våge Fannemel  
Styreleiar

*John Helge Bjørndal*

John Helge Bjørndal  
Nestleiar i styret

*Jan Egset*

Jan Henning Egset  
Styremedlem

*Pauline V. Vinjevoll*

Pauline V. Vinjevoll  
Styremedlem

*Ove Myklebust*

Ove Myklebust  
Tilsetterepresentant

*Petter Bjørndal*

Petter Bjørndal  
Dagleg leiar

## NOTAR TIL REKNESKAPEN FOR 2014

### Note 1 Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små føretak.

Følgjande rekneskapsprinsipp er anvende: det lavaste av kostpris og verkeleg verdi for varer kjøpt inn for vidaresal, forsikra pensjonsforpliktelsar er ikkje balanseførte- kostnader er lik utbetalinga i året til forsikringsselskapet, leigeavtaler er ikkje balanseførte, varige driftsmidlar er som hovudregel avskrive lineært over venta økonomisk levetid.

### Note 2 Tilsette, godtgjersler, lån til tilsette m.v.

	2014	2013
Løner	6 172 340	5 790 455
Folketrygdavgift	1 051 835	976 626
Pensjonskostnader	1 027 209	876 377
Andre lønskostnader	<u>414 539</u>	<u>540 664</u>
Sum lønskostnader	<u>8 665 923</u>	<u>8 184 122</u>

Det har vore 13 tilsette i selskapet i gjennomsnitt i 2014

Godtgjersler	Dagleg leiar	Styre/ Representantskap
Løn	730 804	242 238
Pensjonspremie		
Anna godtgjersle	11 842	

### Pensjon

Selskapet har plikt til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Selskapet si pensjonsordning tilfredsstiller krava i lova.

Pensjonspremie i året: kr. 984.925

### Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar i 2014 utgjer kr. 15.780

### Note 3 Varige driftsmiddel

Kostpris 01.01.14	59 047 689
Tilgang	226 694
Avgang	
Kostpris 31.12.14	59 274 382
Akkumulerte avskrivningar kostpris 31.12.14	36 152 398
Balanseførte verdiar 31.12.14	22 236 728
Ordinære avskrivningar i året	3 181 978

**Note 4        Bundne midlar**

Posten inneholder bundne bankinnskot med kr. 361.968

**Note 5        Pantsetjingar og garantiar**

Gjeld til kreditteinstitusjonar kr. 21.008.072 er sikra med garantiar frå eigarane.

**Note 6        Eigenkapitalinnskot KLP**

Selskapet har pensjonsavtale med KLP som er eit gjensidig selskap. År om anna må KLP styrke eigenkapitalen sin og dette skjer ved at medlemmane vert belasta for eigenkapitalinnskot. I 2014 er det betalt kr. 32.991 som er balanseført som eigenkapitalinnskot.

Sum innbetalt eigenkapitalinnskot er no kr. 336.315

**Note 7        Skattekostnad på den skattepliktige delen av verksemda****Årets skattekostnad****Resultatført skatt på ordinært resultat:**

Betalbar skatt	229 253
Endring i utsatt skatt	-33 910
<b>Skattekostnad ordinært resultat</b>	<b>195 343</b>

**Betalbar skatt i årets skattekostnad:**

Ordinært resultat før skatt	1 951 012
Permanente forskjellar	-1 227 467
Andre skattefrie inntekter	-54
Grunnlag for årets skattekostnad	723 491
Endring i midlertidige forskjellar	125 594
Grunnlag for betalbar skatt i resultatrekneskapen	849 085
<b>Skattepliktig overskot</b>	<b>849 085</b>

Betalbar skatt på årets ordinære resultat	229 253
<b>Sum betalbar skatt ordinært resultat</b>	<b>229 253</b>

**Betalbar skatt i balansen:**

Betalbar skatt på årets resultat	229 253
<b>Sum betalbar skatt i balansen</b>	<b>229 253</b>

Utsatt skatt på bygningar er ikkje balanseført, jfr. NRS nr. 8

# SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Til  
Representantskapet for Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS  
6160 HOVDEBYGDA

## REVISJONSMELDING 2014

### Uttalelse om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS. Årsrekneskapen består av årsmelding, resultatrekneskap og balanse pr 31.12.2014 med notar som beskriver nytta rekneskapssprinsipp og andre relevante opplysningar.  
Resultatrekneskapen viser eit overskat på kr 1.635.291,-.

### *Styret sitt ansvar for årsrekneskapen*

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god regnskapsskikk. Styret har og ansvar for intern kontroll som gjer det muleg å utarbeide eit årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av mislegheiter eller feil.

### *Revisor sine oppgåver og plikter*

Vår oppgave er å gi ein uttale om årsrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Revisjon inneber utførelse av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløp og opplysningar i årsrekneskapen. Dei valte handlingane avheng av revisor sitt skjønn, herunder vurdering av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, enten det har si årsak i mislegheiter eller feil. Ved ein slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet sin utarbeidelse av eit årsrekneskap som gir ei dekkande framstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstenda, men ikke for å gi uttrykk for ei meinings om effektiviteten av den interne kontroll. Revisjonen omfatter og ei vurdering av om dei nytta rekneskapsprinsippa er hensiktsmessige og om rekneskapsestimata som er utarbeida er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Revisjon

Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta

# SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

## *Konklusjon*

Etter vår mening er årsrekneskapen avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillingen til Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS pr 31. desember 2014, og av resultatet for rekneskapsåret pr. denne datoен som er i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk.

## **Uttalelser om andre forhold**

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i hht attestasjonsstandard ISAE 3000, meiner vi styret har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som beskrevet ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, forutsetninga om fortsatt drift og forslaget til disponering av resultatet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrift.

Larsnes 12/3-2015

*Halldis Moltu*

Halldis Moltu

-reg. revisor-

Revisjon

Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta